



Vurdering for utvikling

Rapport Lavik barnehage



Tema:

Pedagogisk dokumentasjon som arbeidsmåte

Vewe 46; 13-15.11.2023

Vurderar
Gøril Fristad

Vurderar
Sidsel Anita Ekblad Itland

Innhold

1. Føreord.....	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema.....	4
3.1 Fakta om barnehagen	4
3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema.....	5
3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete	5
4. Frå vurdering til endring av praksis.....	5
5. Framtidsbilete Lavik barnehage.....	7
6. Vurderingar.....	9
6.1 Kvalitetsmål borna: Barna medverkar i kvardagen	9
6.2 Kvalitetsmål tilsette: Tilsette gir slipp på «eigne kjephestar» og lar barna sleppe til med sine tankar, refleksjonar og interesser.....	10
6.3 Kvalitetsmål foreldra: Foreldre er involvert i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar	13
6.4 Kvalitetsmål organisasjonen: Barnehagen er prega av kollegiale prosessar (barneperspektiv og voksenperspektiv); kritisk refleksjon, dialog og demokrati	16
6.5 Kvalitetsmål eigar: Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid.....	17
7. Spørsmål til refleksjon	20
8. Vidare arbeid	20
Vedlegg:	21
Deltakarar i vurderinga.....	21
Tidsbruk	21
Metodar.....	21
Samtaleguidar og skjema.....	22

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei fem kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«*Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene*» (Opplæringslova 2015 § 2.1).

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«*Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen*» (Rammeplan 2017, s. 38).

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

August 2023

Siv Anita Helle Gudvangen

Utviklingsrettleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 95790997

E-post: siv.anita.gudvangen@hoyanger.kommune.no

2. Oppsummering

Lavik barnehage er i starten på eit utviklingsarbeid som skal endre den pedagogiske praksisen slik at den blir meir i tråd med rammeplanens føringar om å vere ein lærande organisasjon; Ein barnehage som reflekterer saman på alle nivå og der refleksjonane fører til meir forståing og meir medverknad. Lavik barnehage ser ut til å vere ein barnehage der dei tilsette er endringsvillige og endringsklare.

Barna i Lavik barnehage har stor fridom, dei styrer mykje av dagen sin sjølv og er godt nøgd med det. Dette blir støtta både av barn, tilsette og foreldre, sjølv om det òg kjem fram at ikkje alle medverkar like mykje. Barnas medverknad kan med fordel setjast meir i system for å sikre at alle barna opplever at dei har det.

Kritisk refleksjon er sentralt i utviklingsarbeidet, og her ser vi at Lavik barnehage er på veg både i forhold til barna og i forhold til kvarandre. Det er ei utfordring å få felles forståing for alle omgrep i alle ledd. Barna i Nulteklasse er reflekterte og har mange tankar om korleis dei har og vil ha det, men dei tilsette kan verte meir bevisst og ta det med inn gjennom heile dagen.

Det fysiske miljøet er på mange måtar godt tilrettelagt for stor grad av medverknad og sjølvstende. Det er likevel eit forbetringspotensiale i korleis dei nyttar dei fasilitetane og det materiellet dei har.

Foreldre har mange kanalar inn til barnehagen og nyttar dei. Men dei kan med fordel involverast meir i arbeidet som den ressursen dei er.

Lavik barnehage er i startgropa på eit særskilt viktig arbeid, og den største utfordringa er å få ei felles forståing av sentrale omgrep som er viktig for alle involverte partar. Og der tidsressursen til oppgåvene i utviklingsarbeidet og å setje seg inn i fagstoffet er ein begrensande faktor.

3. Fakta om barnehagen og val av vurderingstema

3.1 Fakta om barnehagen

Lavik barnehage er ein kommunal barnehage med 2 avdelingar, Nulteklasse og Himmelblå. Barnehagen blei opna i januar 2001 med ein avdeling og utvida i 2011 til 2 avdelingar. Her går det 17 barn i alderen 1-5 år, og vi er 7 tilsette fordelt på styrar, pedagogiske leiarar, fagarbeidrarar og assistentar.

Barnehagen ligg vegg i vegg med Lavik skule og vi har eit tett samarbeid. SFO er delar av tida si saman med oss. Vi har felles uteområde med skulen og brukar

gymsalen og biblioteket når det passar. Barnehagen er plassert i eit variert og utfordrande område med kort veg til skog, fjøre, ballbinge og symjehall. Foreldra har opparbeida ein naturleikeplass med gapahuk i skogen på dugnad.

Lavik barnehage sin visjon: Ein god plass å vere og ein god plass å lære.

3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema

Hovudtema vårt i 2022/2023 var leik/leikemiljø, vennskap og følelsar knytt til fagområda i rammeplanen. Vi erfarte at leik og leikemiljø er eit omfattande område å jobbe med, så vi valde å vidareføre tema i år til pedagogisk dokumentasjon som arbeidsmåte. Pedagogisk dokumentasjon som arbeidsmåte byggjer på observasjon, dokumentasjon og refleksjon. Ved å legge til rette for leik og intelligente situasjoner ut frå observasjonar, kan vi sikre progresjon og utvikling på ein måte som tek vare på barna sin rett til medverknad.

Sidan barnehagen allereie arbeidar med dette tema, såg vi det som naturleg at vi kopla dette til den eksterne vurderinga. Vi ynskjer å utfordre oss sjølve til å jobbe på ein meir utforskande og reflekterande måte, ha ei positiv haldning til læring og vere villige til å gjere endringar, vere ein lærande organisasjon i tråd med rammeplanen.

3.3 Arbeidet med utvikling av framtidssbilete

Styrar sette opp eit forslag til framtidssbilde. Det blei fyrst drøfta på eit pedagogisk leiarmøte og så på personalmøte med alle tilsette før vi sende det til vurderarane. Etter innspel frå vurderarane drøfta vi ulike endringar i fellesskap og kom fram til det endelege framtidssbilde.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekssenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.



5. Framtidsbilete Lavik barnehage

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Bar neperspektivet Barna medverkar i kvardagen <i>«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen»</i> (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).	<ul style="list-style-type: none"> Barna har reell medverknad i kvardagen i barnehagen Barna deltek i prosjektarbeid Barna deltek i felles refleksjon over kvardagslivet saman med dei tilsette
Tilsetteperspektiv Tilsette gir slipp på «eigne kjephestar» og lar barna sleppe til med sine tankar, refleksjonar og interesser <i>«Personalalet skal ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen. Personalalet skal jamleg vurdere om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisere rammeplanen»</i> (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 43).	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette reflekterer saman med barna over kvardagslivet i barnehagen Tilsette har ein utforskande haldning og veremåte Tilsette inviterer barna inn i utforskande samtalar Tilsette legg til rette for eit fysisk miljø der barna har reell medverknad Tilsette støttar barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapar forståing og meining saman med dei
Foreldreperspektiv Foreldre er involvert i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar. <i>«Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf.</i>	<ul style="list-style-type: none"> Foreldre responderer på barnehagen sin dokumentasjon og informasjon Foreldre er barna sitt talerør inn i barnehagen Foreldre opplever at dei er ein ressurs

<p><i>barnehagelova §§ 1 og 4»</i> <i>(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Foreldresamarbeidet skal vere til fordel for barnet sitt beste
<p>Organisasjonsperspektivet Barnehagen er prega av kollegiale prosessar (barneperspektiv og vaksenperspektiv)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kritisk refleksjon • Dialog • Demokrati <p><i>«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemد er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen»</i> (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).</p> <p><i>«Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring»</i> (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er sett av tid til felles kritisk refleksjon • Det er sett av tid til fagleg oppdatering for alle tilsette • Observasjonar og dokumentasjon gjev grunnlag for felles refleksjon over praksis • Alle tilsette deltek i planarbeidet
<p>Eigarperspektiv Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid</p> <p><i>«Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7 første ledd»</i> (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 15).</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Eigar set av ressursar til fagleg utvikling • Eigar følger opp arbeidet i barnehagen • Eigar prioriterer kvalitetsutvikling i barnehagen • Eigar formidlar vidare til region og UH-sektor om behov for midlar og kompetanseheving

6. Vurderingar

6.1 Kvalitetsmål borna: Barna medverkar i kvardagen

1. *Teikn på god praksis:* Barna har reell medverknad i kvardagen i barnehagen

God praksis:

Alle barna vi snakka med seier dei har noko dei likar å gjere på i barnehagen, både inne og ute. Barna fortel om eit brent spekter av ulike ting dei kan leike med, og dei verkar nøgde. Vi ser at området med legekontor/butikk tiltrekker seg barna på "Himmelblå", og at dei "ulike krokane" og romma på "Nulteklasse" gjev høve til både å leike mange ilag og til å trekke seg unna.

Barna seier mellom anna at dei får bestemme kvar dei skal gå på tur, kva dei skal ete når dei har bursdag, kva dei skal teikne og kva bok dei skal lese. Vi har sett at barna vert høyrt når dei kjem med forslag på kva dei skal gjere, og i samtale med både tilsett og leiar kjem det fram at dei tilsette ønsker å gje barna meir medverknad i kvardagen sin. Vi ser også at medverknad er godt synleg i planane til barnehagen

Tilsette fortel om innspel barn har kome med, som dei har tatt tak i og utvikla vidare saman med barna.

Praksis som kan bli betre:

Dei fleste av foreldra meiner at barna får medverke mykje i barnehagen, men ikkje alle. I tida vi observerte verka det ikkje vere nokon av barna som bestemte meir enn andre, men her kan det uansett vere hensiktsmessig med systematisk kartlegging, noko som td. Barnesamtalane vil kunne avdekke.

Intervjua med tilsette og leiar, i tillegg til observasjon, syner at det allereie vert arbeida godt med å gje barna reell medverknad, men vi meiner det vil vere hensiktsmessig at arbeidet vert meir systematisk. Dette vil også sikre at alle barna får medverke, og at alle tilsette har same fokus på dette.

2. *Teikn på god praksis:* Barna deltek i prosjektarbeid

God praksis:

Vi har sett at barna har arbeida med haust som tema på begge avdelingane. Prosessen med dette arbeidet er dokumentert med bilete og utstillingar inne på avdelingane. Borna på Nulteklasse fortel at dei snart skal arbeide med juletema, og etter jul kjem det tema dei har valt sjølve.

Praksis som kan bli betre:

Gjennom samtalane med barna kjem det fram at dei ikkje er så medvitne om at dei arbeidar med prosjektarbeid. Leiar seier at foreldra får dagleg dagbokspostar med oppdatering om kva barna gjer i barnehagen, og vi antar at prosjektarbeida vert dokumentert. Men i undersøkinga med foreldra verkar det heller ikkje til at foreldra i stor grad relaterer bilete av aktivitet til prosjekt.

3. *Teikn på god praksis:* Barna deltek i felles refleksjon over kvardagslivet saman med dei tilsette

God praksis:

Vi har intervjua barn som var svært gode til å reflektere og svare for seg. Leiar har gjennomført barneintervju med dei eldste to gangar denne hausten, og nokre av barna fortel at i barneintervjua kunne dei seie kva dei meinte. Leiar fortel at intervjuasjonen har vore ein lærande prosess både for ho og barna, og vi trur at det har vore positivt for refleksjons- og uttrykksevna til barna.

Vi har observert døme på felles refleksjon mellom barn og tilsette, og der desse refleksjonane kom naturleg med bakgrunn i kva barna leika med, snakka om, eller var opptekne av der og då. Vi har høyrt tilsette stille opne spørsmål.

Praksis som kan bli betre:

Per i dag er det berre leiar som har gjennomført barneintervju, men på sikt ønsker ho at alle dei tilsette skal gjennomføre slike intervju med dei barna som kan uttrykke seg. Vi trur at når alle dei tilsette får øvd seg på denne samtaleforma, vil det auke kvaliteten på refleksjonane med barna. Det vil også vere ein fordel om barneintervju også vert gjennomført for kulla under førskulebarna.

Vi har sett flest tilfelle av refleksjonar saman med barn rundt bordet, mindre i dei andre sidene av kvardagslivet. Vi ser at dei tilsette er i startgropa på utviklingsarbeidet, og kan godt ta med seg refleksjonane og undringa gjennom heile dagen.

6.2 Kvalitetsmål tilsette: Tilsette gir slipp på «eigne kjephestar» og lar barna sleppe til med sine tankar, refleksjonar og interesser

Fleire av dei tilsette seier at ein kjephest dei må gje slepp på i arbeidet med pedagogisk refleksjon, er behovet for kontroll. Dei kan ikkje planlegge på same måten som før, heller ikkje informere foreldra om detaljerte planar. Dei tilsette verkar noko usikre på korleis det vert i praksis, kor mykje av utstyret skal til dømes vere tilgjengeleg? Då vert det vel kaos og kven skal rydde? Ein tilsett seier at hen slit med å vere meir spontan.

Barna slepp i stor grad til med sine interesser og styrer mykje av dagane sin sjølv. Dette opplevast positivt for barna. Det ser likevel ut til å råde ei usikkerheit hos dei tilsette: Korleis få rammeplanens føringar om kva barna skal møte i løpet av barnehagetida og føringane i høve barns rett til medverknad til å henge saman? Korleis balansere styring og fridom? Dette kan barnehagen med fordel drøfte slik at dei tilsette kan verte tryggare.

1. Teikn på god praksis: Tilsette reflekterer saman med barna over kvardagslivet i barnehagen

God praksis:

Dei tilsette seier dei nyttar situasjonane som oppstår til å reflektere saman med barna. Det har vi også sett. Dei tilsette er merksam på at dei kan nytte observasjon for å avdekke kva dei minste barna er opptatt av, og at dei kan reflektere saman med barna utan at det er ein dialog.

Praksis som kan bli betre:

Gjennom intervjua med dei tilsette kjem det fram at ein ikkje har ei felles oppfatning av innhaldet i sentrale omgrep i framtidsbilete (og i utviklingtemaet), som til dømes kritisk refleksjon, utforskande samtale, utforskande veremåte og medverknad.

Vi trur at mangel på felles forståing av omgrepa, gjer at dei tilsette ikkje heilt veit korleis dei skal støtte og rettleie barna i ulike situasjonar. Vi har møtt tilsette som verkar vere positive til å endre handlingsmåte, og det er eit godt utgangspunkt. Vi har observert i mange ulike delar av barnehagedagen. Dei fleste døma vi har sett på felles refleksjon har vore rundt bordet, i ulike typar av planlagde eller spontane samlingar. Dei tilsette kan godt ta det med resten av dagen.

2. Teikn på god praksis: Tilsette har ein utforskande haldning og veremåte

3. Teikn på god praksis: Tilsette inviterer barna inn i utforskande samtalar

God praksis:

I løpet av dei to dagane vi var i barnehagen har vi sett døme på tilsette med utforskande haldning og veremåte, samt utforskande samtalar.

Praksis som kan bli betre:

Som før nemnt, ser det ut til at dei tilsette ikkje har ei felles forståing av omgrepet utforskande samtale, og observasjon støttar dette. Vi trur at dei tilsette med fordel bør øve systematisk på utforskande samtalar under rettleiing. Arbeidet med dei ulike tema er dokumentert med biletar inne på avdelingane, og vi har sett at barna er

opptatt av denne dokumentasjonen. Dokumentasjonen kan vere utgangspunkt for mange utforskande samtalar.

4. *Teikn på god praksis: Tilsette legg til rette for eit fysisk miljø der barna har reell medverknad*

God praksis:

Dei tilsette seier i intervjeta at dei har flytta på nokre av leikane og utstyr for at det skulle vere lettare for barna å få tak i. Det verkar ikkje som om barna oppfattar plassering som eit problem, dei får hjelp av dei vaksne når dei treng det.

Vi ser at barnehagen har eit fysisk miljø som inneheld det meste ein treng.

Praksis som kan bli betre:

Vi observerer likevel ein god del leikar og utstyr som er utanfor rekkevidda til barna. Vi ser også ein stor sykkelpark som er låst store delar av tida. Barna gjev uttrykk for at dei gjerne skulle hatt meir tilgang til syklane. Dei tilsette kan med fordel utnytte betre dei fysiske ressursane barnehagen har, med mål om å skape meir medverknad og utforsking.

5. *Tilsette støttar barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapar forståing og meinings saman med dei*

God praksis:

Gjennom samtalane med barna kjem det fram at barna opplever at dei vaksne forklarar på ein måte som dei forstår. "Vi skjønner ganske mykje, men ikkje alltid". Då spør dei igjen, og vaksne "forklarer på ein enklare måte" eller "ein anna måte å seie det på".

Dei tilsette seier at dei nytta ulike hjelpemiddel til å spinne vidare på det barna er opptekne av. Dette har vi sett tilløp til å observasjon. Det er likevel vanskeleg å seie meir om denne praksisen på grunnlag av to dagar med observasjon.

Praksis som kan bli betre:

Til liks med dei andre teikna på god praksis på tilsetteperspektivet, antar vi at dei tilsette vert meir medvitne om korleis dei kan skape meinings og forståings gjennom øving og deltaking i utviklingsarbeidet «pedagogisk dokumentasjon». Vi har gjort flest observasjonar i måltidssituasjonen. Tilsette kan med fordel la dette prege samspelet med barna gjennom heile dagen.

6.3 Kvalitetsmål foreldra: Foreldre er involvert i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar

1. *Teikn på god praksis: Foreldre responderer på barnehagen sin dokumentasjon og informasjon*


Vi har sett, lest og hørt om mykje god praksis i foreldresamarbeidet. Vi har likevel eit inntrykk av at barnehagen kan involvere foreldra meir og tydelegare som ressurs både i planarbeid og i barnehagekvardagen. Foreldre treng m.a. å vite kva som ligg i omgropa barnehagen nytta for å kunne respondere på dei.

God praksis:

Foreldre nytter fleire former for respons på barnehagens informasjon og dokumentasjon; visma, munnleg tilbakemelding, på e-post, telefon og gjennom samtalar med barnet. Dei er godt nøgd med daglege oppdateringar på Visma, oversikt over kva gruppa har gjort m.m. Dei fleste foreldre seier at dei alltid eller ofte responderer på informasjon. Tilsette bekreftar at mange foreldre er gode på å gi tilbakemeldingar. Tilsette fortel òg at foreldre er med i evalueringsarbeidet av barnehageåret der dei gjennom gruppearbeid og idedugnad kjem med idear o.a.

Kor ofte responderer du på barnehagen sin informasjon?

8 svar



Praksis som kan bli betre:

Nokre foreldre kunne tenke seg meir informasjon som gjeld deira eige barn. I den grad foreldre ikkje responderer på informasjon og dokumentasjon, kan det handle om at dei ikkje veit kva respons barnehagen er ute etter. Her kan barnehagen verte tydelegare.

2. *Teikn på god praksis: Foreldre er barna sitt talerør inn i barnehagen*


God praksis:

Foreldre melder om at dei kan ta opp alt frå barnets interesser, dagsform, hendingar det er bra for tilsette å vite om for å kunne legge til rette for barnet, om korleis barnet har det – både det som skjer i barnehagen og det som skjer heime. Og at dei i stor grad vert høyrde. Dette vert og bekrefta av dei tilsette som mellom anna seier at dei tar det på alvor, legg til rette og gjev tilbakemelding, også om det dei ikkje får gjort noe med.

Leiar fortel at foreldra ikkje kvier seg på å ta kontakt. Foreldra har òg ei facebookside der dei kan ta opp saker som foreldrerepresentantane tar vidare.


I kva grad tenker du at du er barnet sitt talerør?

8 svar



Korleis synst du at du blir hørt når du tar opp saker?

8 svar



3. Teikn på god praksis: Foreldre opplever at dei er ein ressurs

God praksis:


Foreldre og tilsette melder om at foreldre deltek i dugnadar. Foreldre fortel om korleis dei kan vere ein ressurs i høve det å vere med og forme kvardagen, komme med idear, snakke heime om tema eller utfordringar, vise interesse og sørge for at barnet til ei kvar tid har det det treng i barnehagen. Tilsette fortel om prosjekt på uteområdet der dei på førehand hadde snakka med barna, printa ut biletet på bakgrunn av dette, og at foreldra utførte arbeidet.

Praksis som kan bli betre:

Leiar fortel at dei nok ikkje nyttar foreldregruppa som ressurs godt nok, at dei har vore litt tilbakehaldne med å spørje dei. Responsen frå foreldra kan òg antyde at foreldreressursen er eit uunytta potesiale. Dette kan handle om at dei har meir å bidra med, at barnehagen ikkje spør, eller at foreldra ikkje veit korleis dei kan vere ein ressurs.

I kva grad opplever du at du er ein ressurs for barnehagen?

8 svar



4. Teikn på god praksis: Foreldresamarbeidet skal vere til fordel for barnet sitt beste

God praksis:

Foreldre melder om at foreldresamarbeidet kan nyttast til gje barnet ein betre kvardag, god dialog og betre trivsel. Tilsette fortel at det er viktig å vere opne for innspel, ha dagleg dialog i hente- og bringesituasjonen og nytte alle dei kontaktpunkta ein kan; dagleg kontakt, foreldresamtalar, foreldremøte og samarbeidsutval. Dei tilsette seier også at det viktig å ha låg terskel for å spørje om kva som gjer at ting ikkje er greitt. Ein god dialog bidreg til at tilsette kan gjere sitt beste for at barna skal ha det bra, og at foreldre skal vere trygge på at dei kan seie kva som helst.

Tilsette og leiar fortel at foreldra nytter foreldrerepresentantane og samarbeidsutvalet i samarbeidet. Dette bekreftar og eigar.

6.4 Kvalitetsmål organisasjonen: Barnehagen er prega av kollegiale prosessar (barneperspektiv og vaksenperspektiv); kritisk refleksjon, dialog og demokrati

Lavik barnehage har eit kvalitetsutviklingsprosjekt på gang der dei har knytta til seg ein ekstern kurshaldar som skal fylgje barnehagen gjennom heile året i form av digitale førelesningar og rettleiing med mellomliggende oppgåver. Det er løyvd midlar til sjølve kursavgifta for alle tilsette. Vi ser og hører at det er behov for kome fram til felles forståing for fleire sentrale omgrep i arbeidet og å kommunisere dette ut til alle dei partane som skal delta i planarbeidet og evalueringa. Dette er og ein føresetnad for at foreldre kan respondere på arbeidet barnehagen gjer.

1. ***Teikn på god praksis:*** Det er sett av tid til felles kritisk refleksjon
2. ***Teikn på god praksis:*** Det er sett av tid til fagleg oppdatering for alle tilsette

God praksis:

Lavik barnehage har fått dispensasjon frå overtidsstopp i kommunen og har fått løyve til å ha nokre møte utanom opningstida i barnehagen. Dette gjer til at refleksjonsmøte i noko grad kan gjennomførast.

Praksis som kan bli betre:

Planar, både Lavik barnehage sine og Høyanger sin felles plan viser til at det er eit mål å vere ein lærande organisasjon der det å ha felles refleksjonar som inkluderer alle tilsette er ein sentral faktor. Dette er også lovbestemt i forskrift til barnehagelov; Rammeplan for barnehagen (2017). Årsplanen for Lavik barnehage syner at det er lagt opp til månadlege refleksjonsmøter. Dette var tenkt lagt til personalmøta.

Høyanger kommune har grunna økonomi sett ein stoppar for overtid dette året.

Eigar, representert ved kommunalsjef oppvekst fortel at det er tidsressursen som er problemet. Driftsperspektivet tek tida, barna er i barnehagen heile arbeidstida til dei tilsette og dette gjer utviklingsarbeid vanskeleg. Tilsette og leiar fortel om ein kvardag der det vanskeleg å gå fleire ifrå barnegruppa samstundes utan at det går ut over kvaliteten.

Slik vi ser det er dette ikkje mogeleg å organisere refleksjonsmøte der alle deltek innanfor arbeidstida i barnehagen og refleksjonsmøte må derfor i endå større grad leggast utanom opningstida i barnehagen den tida utviklingsarbeidet og kurset som barnehagen deltek i gjennomførast.

3. *Teikn på god praksis: Observasjonar og dokumentasjon gjev grunnlag for felles refleksjon over praksis*

God praksis:

Barnehagen nyttar fleire typer dokumentasjon; observasjonar, registreringar, praksisfortellingar og bilete. Alle tilsette observerer og skriv praksisfortellingar. Desse dokumentasjonane og observasjonane vert gjenstand for drøfting og evaluering på mellom anna avdelingsmøta.

Praksis som kan bli betre:

Tilsette og leiar fortele at sjølv om dokumentasjonen vert drøfta, kan dei gjere det i endå vidare grad, no vert den oftast nytta til å finne ut kva som er bra, kva som ikkje går og kva en kan ta med vidare, men ikkje dei pedagogiske grunnane for vala. Ein dokumentasjon vert ikkje pedagogisk før ein har reflektert over praksisen og kvifor den vert gjennomført på den måten, kvifor ein bør gjere det annleis eller ikkje. Det som kallast dobbelkretslæring. Intervju med tilsette og leiar syner til at det ikkje er ei felles forståing for kva som ligg i omgrepet «kritisk refleksjon» og «utforskande haldning, veremåte og samtalar». Ein bør og kome fram til felles forståing for kva medverknad versus bestemme betyr for Lavik barnehage.

4. *Teikn på god praksis: Alle tilsette deltek i planarbeidet*

God praksis:

Både leiar og tilsette fortel om at dei er med i planarbeidet. Dette kjem og til dels fram i plandokument.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen kan med fordel gjere det at alle partar er involvert i planarbeidet meir synleg både i planar og evalueringar. Dette gjeld både tilsette, foreldre og barn.

6.5 Kvalitetsmål eigar: Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid

1. *Teikn på god praksis: Eigar set av ressursar til fagleg utvikling*

God praksis:

Det er løyvd midlar til ekstern kurshaldar i utviklingsarbeidet. Barnehagen har òg fått dispensasjon frå overtidsstopp. Dette fortel både leiar og eigar. Leiar fortel om at styrarane i kommunen har nettverksmøte og administrasjonsmøte, og at dette er ei fagleg styrke. Det er òg positivt at barnehagefagleg ansvarleg har fagutdanning innan området. Barnehagen har hatt ros-analyse på behov for kompetanse og resultatet vart formidla vidare og imøtekome.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen melder om at kommuneøkonomien gjer til at dei ikkje har høve til å nytte den eksterne hjelpa godt nok, og at dei har for lite tid til refleksjonsoppgåvane som hører til. Dei tilsette meiner at det er liten forståing for korleis ein skal kunne ha forvente kvalitet utan høve til å snakke saman. Eigar fortel òg at det er tidsressursen som er største utfordringa.

Pedagogane ute i barnehagane har lite fagnett. Nokre av einingane er små og har få pedagogar. Det kan med fordel drøftast korleis ein kan finne tenlege løysingar som og tek omsyn til drift og økonomi.

2. Teikn på god praksis: Eigar følger opp arbeidet i barnehagen

God praksis:

Høyanger barnehage har ein barnehagefagleg ansvarleg som har barnehagelærarutdanning og har lang erfaring både som pedagogisk leiar og einingsleiar, og derfor veit kva barnehagefolket står i. Leiar fortel at det har vore verdifullt med ein på eigarsida som kan faget. Barnehagefagleg ansvarleg syner interesse og fylgjer opp i den grad ho kan. Ho er og ein god sparringpartnar i høve fagleg utvikling, fagdagar og kurs. Eigar fortel at fagleg oppfylging går gjennom den linja som er.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen saknar at eigar etterspør kvalitetsutviklinga. Dei reknar med at eigar er fornøgd med arbeidet så lenge foreldra ikkje klagar og bemanningsnorma er fulgt.

3: Teikn på god praksis: Eigar prioriterer kvalitetsutvikling i barnehagen

God praksis:

Høyanger har i sin felles årsplan «I fylgje rammeplanen skal barnehagen vere ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar.» (kap 3.1 i felles plan). Dette tyder på at kvalitetsutvikling er forankra i systemet. Barnehagen har det den treng av utstyr og materiell, slik at forholda ligg til rette for ein god lærings- og leikearena.

Praksis som kan bli betre:

Kvalitetsutvikling har ein kostnad, dette kan vere materiell, kompetanseheving og ikkje minst tid til å drive utvikling. Barnehagar har ein driftsform som gjer det vanskeleg å drive alle fasar av utviklingsarbeidet innanfor den ordinære arbeidstida. Dette peikar også eigar på i intervjuet. Dersom ein skal legge møtetid utanom

opningstid vil det få konsekvensar for bemanningstettleiken for opningstida eller for sjølv opningstida. For at *heile personalet* skal kunne vere med i kvalitetsutviklinga, er det nødvendig at frikjøp av tid må takast med i budsjettet.

4. Teikn på god praksis: Eigar formidlar vidare til region og UH-sektor om behov for midlar og kompetanseheving

God praksis:

Barnehagefagleg ansvarleg har også ei rolle i HAFS-regionen, og har høve til å melde inn trøng for kompetanseheving. Både tilsett og leiar fortel at dei melder inn behov. Regionen vert einig om kven som skal prioriterast for REKOMP-midlar og UH-samarbeid. Dette skal vere ein barnehagen som gjennomfører ekstern vurdering.

Praksis som kan bli betre:

Det er uklart kva midlar HAFS-regionen har og korleis dei vert prioritert og tildelt. Det er uklart kva barnehage som vert prioritert for REKOMP.

Det er også uklart i kva grad behov for kompetanseheving vert meldt vidare til UH-sektoren og korleis dei tek imot og prioriterer innmeldte behov. Det kan vere hensiktsmessig at barnehagane også får innsikt i rollefordelinga når det gjeld ansvar og mynde i forhold til kommunalsjef oppvekst, barnefagleg ansvarleg og utviklingsleiar i HAFS-regionen.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barn	<ul style="list-style-type: none">- Korleis gjere barn og foreldre meir medvitne om sentrale omgrep for utviklingsarbeidet?
Foreldre	<ul style="list-style-type: none">- Kva type ressurs ønsker barnehagen at foreldra skal vere?- Korleis utnytte denne ressursen?
Tilsette	<ul style="list-style-type: none">- Korleis få til øving og rettleiing i kritisk refleksjon og utforskande samtalar?- Korleis gjere leikar og utstyr meir tilgjengeleg, med mål om å skape meir medverknad og utforsking?
Organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- Korleis kome fram til felles forståing for sentrale omgrep?- Korleis finne tid og økonomi til å gjennomføre utviklingsarbeidet utan at det går ut over kvaliteten på drifta?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato:

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette, barn og foreldre
Eksterne: Kommunalsjef oppvekst

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.
Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.
Før og underveis førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen:

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 23	Formøte med Lavik barnehage	Vurderarane
Snarast	Lande tema for vurdering	Barnehagen
Veke 35	Sende førsteutkast av glansbiletet til vurderarane	Barnehagen
Veke 37	Tilbakemelding til barnehagen	Vurderarande
Veke 37	Møte med barnehagen 12.9.23, kl 17.15	Vurderarane
Veke 38	Respons på tilbakemeldinga	Barnehagen
Veke 39	Framlegg til glansbiletet	Vurderarane
Veke 40	Godkjenning av glansbiletet	Barnehagen
Veke 37-38	Sende relevante dokument til vurderarane	Barnehagen
Veke 44	Lage informasjonsbrev til foreldre barn	Vurderarane
Veke 44	Sende ut informasjon til foreldra	Barnehagen
Veke 45	Sende guidar til barnehagen	Vurderarane
Veke 46	Vurdering	Vurderarane i samarbeid med barnehagen og eigar
Jan 24	Oppfølgingsmøte	Vurdererane og barnehagen

Tidsplan:

Måndag:	Observasjonar, intervju med tilsette og eigar, innhente svar på spørjeundersøking, foreldre
Tysdag:	Observasjonar, intervju med tilsette og barn
Onsdag:	Samanstille funn og skrive rapport. Rapportframlegg kl 16.30

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppessamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nyttar:

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Samtalar med tilsette, barn og eigar

Digital spørjeundersøking, føresette

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for barna

Samtaleguide for tilsette

Samtaleguide for leiar

Samtaleguide for eigar

Observasjonsskjema

Digital spørjeundersøking for føresette

Samtaleguide - barna

Teikn	Barna har reell medverknad i kvardagen i barnehagen
A1	Kva liker du å gjere på inne i barnehagen?
A1	Kva liker du å gjere på ute i barnehagen?
A1	Kva får du lov til å bestemme i barnehagen?
A1	Kva gjer dei vaksne når du har lyst til noko anna enn dei har lyst til?
A1	Kven av barna bestemmer mest?
Barna deltek i prosjektarbeid	
A2	Jobbar de med med same ting i mange dagar?
A2	Kva gjer de då?
A2	Kven som hjelper med å bestemme korleis de skal jobbe/leike med det?
Barna deltek i felles refleksjon over kvardagslivet saman med dei tilsette	
A3, B6	Kor tid spør dei vaksne kva ungane meiner om barnehagen?
A3	(Kven får vere med på det)?
A3	Får det du forteljer dei vaksne til å ombestemme seg?
A3	(Kva skjer då?)

Samtaleguide – tilsette

Kvalitetsmål: Barna medverkar i kvardagen	
Barna deltek i prosjektarbeid	
Gje døme på prosjektarbeid barna har delteke i og korleis	
Kvalitetsmål: Tilsette gir slipp på «eigne kjephestar» og lar barna sleppe til med sine tankar, refleksjonar og interesser.	
Tilsette reflekterer saman med barna over kvardagslivet i barnehagen	
Korleis reflekterer de saman med barna i barnehagen?	
Korleis set de av tid/prioriterer de til slik refleksjon?	
Gje døme på eigne kjephestar de har gjeve slepp på	
Gje døme på korleis barna sine interesser har påverka kvardagen i barnehagen	
Tilsette har ein utforskande haldning og veremåte	
Kva legg de i ein utforskande haldning og veremåte?	
Korleis meiner de at ei slik haldning og veremåte kjem til uttrykk?	
Korleis meiner de at dette påverkar barna?	
Tilsette inviterer barna inn i utforskande samtalar.	
Kva legg de i ein "utforskande samtale"?	
Korleis legg de til rette for at barna skal oppleve utforskande samtalar?	
Kva effekt meiner de slike samtalar har?	
Korleis ser de at barna opplever slike samtalar?	
Tilsette legg til rette for eit fysisk miljø der barna har reell medverknad	
Kva legg de i (barna sin) reell medverknad?	
Korleis legg de til rette det fysiske miljøet slik at de oppnår reell medverknad for barna?	
Gje døme	
Tilsette støttar barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapar forståing og meining saman med dei	

Korleis støttar de barna sine refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen?	
Korleis skapar de forståing og meining saman med barna?	
Kvalitetsmål: Foreldre er involvert i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar	
Foreldre responderer på barnehagen sin dokumentasjon og informasjon	
Korleis inviterer de foreldre til å komme med respons?	
Foreldre er barna sitt talerør inn i barnehagen	
Kva gjer de med innspela foreldra kjem med på vegne av barna?	
Foreldre opplever at dei er ein ressurs	
På kva måtar vert foreldra brukta som ein ressurs?	
Foreldresamarbeidet skal vere til fordel for barnet sitt beste	
Korleis vert foreldresamarbeidet til barnet sitt beste? Gje døme	
Kvalitetsmål: Barnehagen er prega av kollegiale prosessar (barneperspektiv og vaksenperspektiv) <ul style="list-style-type: none"> • Kritisk refleksjon • Dialog • Demokrati 	
Det er sett av tid til felles kritisk refleksjon	
Kva legg du i omgrepet kritisk refleksjon?	
Kor ofte er det sett av tid til dette?	
Det er sett av tid til fagleg oppdatering for alle tilsette	
Korleis vert de fagleg oppdatert?	
Korleis vert det organisert/gjort?	
Observasjonar og dokumentasjon gjev grunnlag for felles refleksjon over praksis	
Kven gjer observasjonar?	
Kva dokumentasjon nyttar de?	
Korleis brukar det observasjonane?	
Korleis brukar de dokumentasjonane?	
Alle tilsette deltek i planarbeidet	

Korleis vert dine innspel teke imot?	
Kva gjer de om det er ulike syn på kva planar de legg og korleis de skal løyse det?	
Korleis er det synleg at alle tilsette deltek planarbeidet?	
Korleis evaluerer/vurderer de arbeidet i barnehagen?	
Kvalitetsmål: Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid	
Eigar set av ressursar til fagleg utvikling	
Kva fagleg utvikling får de ressursar til	
Kva ressursar får de?	
Eigar følger opp arbeidet i barnehagen	-
Korleis opplever du at eigar følger opp arbeidet i barnehagen?	
Eigar prioriterer kvalitetsutvikling i barnehagen	
Korleis kjem eigars prioritering til syne?	
Eigar formidlar vidare til region og UH-sektor om behov for midlar og kompetanseheving	
Korleis opplever de at dykkar behov for kompetanseheving vert formidla vidare?	

Intervjuguide – leiar

Kvalitetsmål: Barna medverkar i kvardagen	
Barna deltek i prosjektarbeid	
Gje døme på prosjektarbeid barna har delteke i og korleis	
Kvalitetsmål: Tilsette gir slipp på «eigne kjephestar» og lar barna sleppe til med sine tankar, refleksjonar og interesser.	
Tilsette reflekterer saman med barna over kvardagslivet i barnehagen	
Korleis reflekterer du saman med barna i barnehagen?	
Korleis set du av tid/prioriterer de til slik refleksjon?	
Gje døme på eigne kjephestar du har gjeve slepp på	
Gje døme på korleis barna sine interesser har påverka kvardagen i barnehagen	
Tilsette har ein utforskande haldning og veremåte	
Kva legg du i ein utforskande haldning og veremåte?	
Kva gjer du for å sikre at dei tilsette har ei felles forståing for omgrepene «utforskande haldning og veremåte»?	
Tilsette inviterer barna inn i utforskande samtalar.	
Kva legg du i ein “utforskande samtale”?	
Korleis legg du til rette for at barna skal oppleve utforskande samtalar?	
Kva effekt meiner du slike samtalar har?	
Korleis ser du at barna opplever slike samtalar?	
Tilsette legg til rette for eit fysisk miljø der barna har reell medverknad	
Kva legg du i (barna sin) reell medverknad?	
Korleis legg du til rette det fysiske miljøet slik at de oppnår reell medverknad for barna?	
Gje døme	
Tilsette støttar barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapar forståing og meining saman med dei	
Korleis støttar du barna sine refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen?	

Korleis skapar du forståing og meining saman med barna?	
Korleis sikrar du at alle tilsette har ein felles forståing for korleis dei kan støtte barnas refleksjonar og vere med og skape meining?	
Kvalitetsmål: Foreldre er involvert i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar	
Foreldre responderer på barnehagen sin dokumentasjon og informasjon	
På kva måtar kjem foreldre med respons?	
Foreldre er barna sitt talerør inn i barnehagen	
Kva gjer du med innspela foreldra kjem med på vegne av barna?	
Foreldre opplever at dei er ein ressurs	
På kva måtar vert foreldra brukta som ein ressurs?	
Foreldresamarbeidet skal vere til fordel for barnet sitt beste	
Korleis vert foreldresamarbeidet til barnet sitt beste? Gje døme	
Kvalitetsmål: Barnehagen er prega av kollegiale prosessar (barneperspektiv og vaksenperspektiv) <ul style="list-style-type: none"> • Kritisk refleksjon • Dialog • Demokrati 	
Det er sett av tid til felles kritisk refleksjon	
Kva legg du i omgrepet kritisk refleksjon?	
Kva gjer du for at dei tilsette skal ha ei felles forståing for omgropa «kritisk» og «refleksjon»	
Kor ofte er det sett av tid til dette?	
Det er sett av tid til fagleg oppdatering for alle tilsette	
Korleis vert de fagleg oppdatert?	
Korleis vert det organisert/gjort?	
Observasjonar og dokumentasjon gjev grunnlag for felles refleksjon over praksis	
Kven gjer observasjonar?	
Korleis brukar de observasjonane?	
Kva dokumentasjon nyttar de?	

Korleis brukar de dokumentasjonane?	
Alle tilsette deltek i planarbeidet	
Korleis tek du i mot innspel?	
Kva gjer de om det er ulike syn på kva planar de legg og korleis de skal løyse det?	
Korleis er det synleg at alle tilsette deltek planarbeidet?	
Korleis evaluerer/vurderer de arbeidet i barnehagen?	
Kvalitetsmål: Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid	
Eigar set av ressursar til fagleg utvikling	
Kva fagleg utvikling får de ressursar til?	
Kva ressursar får de?	
Kva mynde har barnehagefagleg ansvarleg i høve ressursar?	
Eigar følger opp arbeidet i barnehagen	
Korleis opplever du at eigar følger opp arbeidet i barnehagen?	
Korleis vert kritikk teke i mot?	
Eigar prioriterer kvalitetsutvikling i barnehagen	
Korleis kjem eigars prioritering til syne?	
Eigar formidlar vidare til region og UH-sektor om behov for midlar og kompetanseheving	
Korleis melder du behov for kompetanseheving vidare og til kven?	
Korleis opplever de at dykkar behov for kompetanseheving vert formidla vidare?	

Samtaleguide for eigar

Kvalitetsmål: Eigar er pådrivar i barnehagen sitt utviklingsarbeid	
Eigar set av ressursar til fagleg utvikling	
Kva ressursar set du av til fagleg utvikling? - Definere omfang og prioritering	
Eigar følger opp arbeidet i barnehagen	
Korleis følger du opp arbeidet i barnehagen? Lavik vs. andre barnehagar	
Eigar prioriterer kvalitetsutvikling i barnehagen	
Korleis prioriterer du kvalitetsutvikling i Lavik barnehage?	
Eigar formidlar vidare til region og UH-sektor om behov for midlar og kompetanseheving	
Korleis fungerer region/UH-samarbeidet no, og korleis vert Lavik barnehage sine behov formidla vidare?	

Observasjonsskjema

Barna har reell medverknad i kvardagen i barnehagen	
Barna deltek i prosjektarbeid	
Barna deltek i felles refleksjon over kvardagslivet saman med dei tilsette	
Tilsette reflekterer saman med barna over kvardagslivet i barnehagen	
Tilsette har ein utforskande haldning og veremåte	
Tilsette inviterer barna inn i utforskande samtalar.	
Tilsette legg til rette for eit fysisk miljø der barna har reell medverknad	
Tilsette støttar barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapar forståing og meiningsamman med dei	

Digital spørjeundersøking føresette Lavik barnehage

I samband med den eksterne vurderinga i Lavik barnehage, ønsker vurderarane å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Spørsmåla er knytt til utviklingstemaet pedagogisk dokumentasjon, og tar utgangspunkt i framtidssbildet til barnehagen. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist 13.11.23. Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

1. Korleis kan du respondere på barnehagen sin informasjon?
 - Munnleg tilbakemelding
 - Svar gjennom Visma
 - Gjennom samtale med barnet
 - E-post
 - Anna
2. Kor ofte responderer du på barnehagen sin informasjon?
 - Alltid
 - Ofte
 - Av og til
 - Sjeldan
 - Aldri
3. I kva grad opplever du at du som forelder er involvert i arbeidsmetodane til barnehagen?
 - 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4
 - 5 I stor grad
4. Kva informasjon synst du at barnehagen er god på å gje?
5. Kva informasjon skulle du gjerne ha meir av?
6. Korleis kan du vere barna sitt talerøy inn i barnehagen?
7. I kva grad tenker du at du er barnet sitt talerøy?
 - 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4

- 5 I stor grad
8. Kva saker tar du opp på vegne av barnet ditt?
[Redigerbar]
9. Korleis synst du at du blir høyrt når du tar opp saker?
- 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4
 - 5 I stor grad
10. Gje døme på korleis du som foreldre kan vere ein ressurs i barnehagen.
[Redigerbar]
11. I kva grad opplever du at du er ein ressurs for barnehagen?
- 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4
 - 5 I stor grad
12. Gje døme på korleis foreldresamarbeidet kan gje barnet ei stemme.
[Redigerbar]
13. I kva grad meiner du foreldresamarbeidet er ein fordel for barnet sitt beste?
- 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4
 - 5 I stor grad
14. Kva vert foreldresamarbeidet nytta til?
[Redigerbar]
15. I kva grad opplever du at kommunen som eigar følger opp barnehagen sine behov for kompetanseutvikling?
- 1 I liten grad
 - 2
 - 3
 - 4
 - 5 I stor grad
16. Kva opplever du at barna får medverke til i barnehagen?

[Redacted]

17. Kva prosjektarbeid opplever du at barna medverkar i?

[Redacted]

18. I kva grad opplever du at dei tilsette tar barna sine innspel på alvor?

- 1 I liten grad
- 2
- 3
- 4
- 5 I stor grad

19. Har du noko du ønsker å kommentere?

[Redacted]